

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 17.09.2009 kl 12:00– 16.45 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.

Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 063/09 - 071/09

Innkalling til møtet var sendt ut den: 11.09.2009

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Liv Oda Dale	Håkon Matre, ordførar	Jon Terje Sætre
Lars Solheim	John Torsvik, vara	Laila Haukeland, vara
Ragnvald Tangedal, vara	Marianne Ulvatn, vara	
Bjørn Egil Nordland	Kjell Løvik, vara	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
Dina Merete K. Dyrhovden	Frode Langhelle	Vigdis Søvik
Laila Solhaug Reknes	Wenke Fredheim Ekren	
	Karstein Totland	

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet	Venstre:
Kari Skår Sørheim, varaordførar	Morten Gullaksen, vara	Magnhild Rørtveit, vara
Siri Tangedal Kratzmeier	Erlend Kvamsdal, vara	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
	Tore Helland	Per Einar Langhelle

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Lovisa Midtbø
Sekretær Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Rådgjevar Alf Strand

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	2. Tertialrapport m/saksutgreiing Kopi av sakspapir til møte i Fup sak 61/09 Naustområde Hosteland og møtebok frå Fup den 17.09.09. Skriv og meldingar frå rådmannen til kommunestyret den 17.09.09 Skriv frå SFT i høve avfall levert til Vest Tank
Orientering:	Rådgjevar Alf Strand orienterte i 64/09 om Bjørn West museet
Sp.mål/interpell.:	Interpellasjon frå Liv Oda Dale, Ap – utdelt i møtet

Ordfører ynskete velkomen til det første kommunestyremøte etter ferien.

Pga av at det til dette møtet møtte åtte varafolk vart det halde ein presentasjonsrunde.

Innkallinga vart godkjent.

Ordfører gjorde framlegg om Lars Solheim og Magnhild Rørtveit til å skriva under møteprotokollen.

Ordfører orienterte om dagsorden og at det måtte veljast setteordførar.
Ordfører gjorde framlegg om at Liv Oda Dale vart setteordførar.

Ordfører orienterte om at sak 70/09 2. Tertialrapport som vart delt ut i møtet er på dagsorden, men at kommunestyret må avgjera når ein kjem til saka om ho skal realitetshandsamast sidan kommunestyret ikkje har hatt høve til å setja seg inn i saka.

Dagleg leiar i GMU AS Torill Størkersen og styreleiar Irene Wergeland kjem for å orientere om det nystarta selskapet GMU A/S.

Ordfører opplyste om at det var kome inn ein interpellasjon frå Ap og at den vil bli handsama til slutt under sak om skriv og meldingar.

Sakslista vart etter dette godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
063/09	09/625	Godkjenning av møteprotokoll	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
064/09	09/624	Skriv og meldingar	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
065/09	09/378	Søknad om tilskot i kraftfondet til bygningsmessige investeringar i Måruds Kafe & Catering	13
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
066/09	09/443	GMU A/S - søknad om driftstilskot frå kraftfondet	19
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
067/09	09/434	Søknad om tilskot i kraftfondet til reiseverksemd	27
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
068/09	09/435	Søknad om tilskot frå kraftfondet til bedriftsutvikling - Kvingo Nærkjøp AS	34
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
069/09	07/169	Pandemiplan	40
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
070/09	09/631	2.tertialrapport 2009, rekneskapsversyn for perioden 1.1.- 31.8.09	43
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
071/09	09/340	Søknad om tilskot i kraftfondet – Fredsom Cafe & Pub	50

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	17.09.2009	063/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/625
-----------	---------------------

SAK 063/09 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 18.06.2009 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-063/09 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 18.06.09 vert godkjent slik han ligg føre med dei merknader som kom fram i møtet.

Det skjedde i Kommunestyret den 17.09.2009:

Liv Oda Dale hadde merknad til møteboka.

På første sida med oversikt over kven som møtte står det at Bjørn Egil Nordland, Ap, både møtte i kommunestyret og hadde forfall. Dette er feil.

Bjørn Egil Nordland hadde forfall.

Under Frp sine representantar er ikkje Janne Judith K. Sandnes ført opp, men ho møtte som vara frå sak 56/09 og var tilstades under handsaming av resten av sakene. Janne Judith K. Sandnes var og ført som ein av underskrivarane av møteboka. Dale spurde om dette er vanleg når ein representant ikkje er med å handsamar alle sakene.

Ordførar svara at det som er feil vil bli retta opp i møteboka. Når det gjeld underskriving av møteboka så bør ein unngå å velja folk til dette som ikkje har vore med under heile møtet.

Framlegg til vedtak med dei merknader som kom fram i møtet vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	17.09.2009	064/09	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 09/624
-----------	---------------------

SAK 064/09 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	09/2346	I	26.05.2009	Nordbygda helselag v/Kjell Løvik	Veglys Hosteland - søknad om tilskot
2	09/2440	I	26.05.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Invitasjon til samarbeid om felles satsing på entreprenørskap og lokal næringsutvikling
3	09/2643	I	17.06.2009	Kontrollutvalet v/Kjell Løvik	Møteutskrift frå kontrollutvalet den 17.06.2009
4	09/2487	U	08.06.2009	Politisk styringsgruppe	Referat frå møte i politisk styringsgruppe for pilotprosjektet Lokalsamfunnsutvikling Masfjorden, kommunestyresalen 08.06.09 kl. 15.00
5	09/2889	I	01.07.2009	Nordbygda skule v/Berit Lygre	Tidleg tiltak - varig verknad - prosjektperiode 2008-10 - tverretatleg prosjekt i oppvekstområda
6	09/3413	I	09.08.2009	Masfjorden og Solund lensmannsdistrikt Gulen	Etablering av politiråd for kommunane Gulen, Masfjorden og Solund
7	09/3485	I	14.08.2009	Heidi Olderøyen	Mobbeproblematikk

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-064/09 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 17.09.2009:

Ordfører gikk gjennom skriv og meldingar.

Til skriv 1) Veglys Hosteland

Kjell Løvik, H, synte til veglysnemnda som var nedsett. Han sa at nemnda har ikkje vore synleg. Det har ikkje vore rapportert tilbake til kommunestyret.

Det må vera sekretariat og det må vera krav om tilbakemelding når ulike nemnder vert nedsett.

Rådmannen sa at det er rett at det ikkje har vore rapportert tilbake til kommunestyret. Arbeidet i veglysnemnda er ikkje ferdig og det har ikkje vore kostnadsrekna.

Liv Oda Dale, Ap, sa at det har vore mykje forvirring i denne saka. Mandatet gikk ut på å sjå på prioritering på kommunale vegar og kva vegar som skulle tilbakeførast til private, og å laga kriteria for tildeling av veglys. Nemnda oppfattar at dei har gjort arbeidet i høve mandatet som var gjeve frå kommunestyret.

Terje Sætre, Sp, sa at han var samd med Liv Oda om at det har vore forvirring i høve gruppa sitt mandat.

Det var kriteria for veglys nemnda skulle arbeida fram.

Ordfører Håkon Matre sa at dette må avklarast og ber om at rådmannen ser på dette og legg fram status i neste kommunestyremøtet.

John Torsvik, H, – ber om at det blir teke tak i saker/søknader om veglys som går på tryggleik for skuleelevar.

Orienteringar:

Alf Strand orienterte om Bjørn West museet etter at kommunen overtok drifta.

Det er no laga eit utkast til intensjonsavtale om avtale om konsolidering med museumssenteret i Hordaland. Tidlegaste dato for å inngå i dette er 1. jan 2011.

Kjell Løvik er ny styreleiar i Bjørn West museet.

Masfjorden skal peika ut inntil to representantar som skal vera med i forhandlingane om Bjørn West museet skal bli innelemma i Museumssenteret i Hordaland.

Det er ikkje lagt inn budsjettmidlar til løn for dagleg leiar i Bjørn West museet enno.

Liv Oda Dale, Ap, sa at det er flott at styret i Bjørn West museet ynskjer å gå vidare med forhandlingar med Museumssenteret i Hordaland.

Kjell Løvik sa at det hastar å få valt to personar til å vera med i forhandlingane.

Kari Skår Sørheim, sa at dette er ei viktig sak. Er samd i at det er viktig å sikra stabilitet av drifta til Bjørn West museet. Viktig å få utgreidd ei sak på dette slik at ting vert meir belyst.

Det vil vera naturleg at det er rådmann og ordførar som er med å forhandlar.

Ordførar konkluderte med at ein går vidare med forhandlingar og at det blir tilbakemelding til kommunestyret før jul.

Rådmannen oppnemner to representantar frå kommunen til forhandlingar om konsolideringsavtale.

Orientering frå ordførar:

Ordførar Håkon Matre orienterte om samhandlingsreforma og at det no vert tilsett ein person i regionrådet som skal arbeida med tilrettelegging for kommunen.

Nytt skriv nr 8) Informasjon frå SFT om avfallet som vart levert til Vest Tank.

Meldingar frå rådmannen til kommunestyret lagt fram i møtet:

1. Det ligg føre søknad frå grunneigarane på Einestrand om at kommunen tar kostnaden med å tilrettelegga for vatn og avlaup i bustadfeltet på Einestrand. Reguleringsplanen er no endeleg, med 18 tomter i feltet. Stipulert kostnad meldt i dag 07.09.09 er ca 1,3 mill. Dei søkjer også om at kommunen overtek framtidig vedlikehald mot kommunale avgifter. Denne saka er ikkje ferdig utgreidd, men rådmannen meiner saka kan leggjast fram til avgjerd i løpet av oktober. Det er no eit hus som er klart til byggjastart. Rådmannen legg til grunn for saka at kommunen medverkar etter same mal som dei andre felta som har vore opparbeidd i privat regi dei siste åra .

2. Gjennom professor Grete Rusten ved UIB har vi fått melding om ein student som ynskjer å skriva masteroppgåve om næringsssamarbeidet mellom Gulen og Masfjorden. Dette kan gje kommunen verdfull kunnskap om effekten av dei verkemidla vi har satsa på i næringsutvikling og auke av folketalet.

3. Arbeidet med kommuneplanen går framover, og i morgon har vi det siste av dei oppsette temamøta. Me møter oppdrettsaktørane på HI på Matre.

I løpet av dei siste månadene har kommunen blitt kontakta med orientering frå fleire selskap som arbeider med småkraftverk i samarbeid med grunneigarinteresser i Masfjorden. Dette området må få særleg merksemd i kommuneplanarbeidet, og det kan bli aktuelt å innby til eit ekstra temamøte om dette.

4. Fristen for å nytta kompensasjonsmidlar i samsvar med tidlegare tildelingar går ut 31.12.2009. Rådmannen har fått stadfest tidlegare tilbod på seismiske undersøkingar som grunnlag for vurdering av bru over Masfjorden. Dette arbeidet er no sett i bestilling og vil bli utført i haust. Kommunen har fått 400 000 i støtte.

5. Ordførar og rådmann har hatt møte med styret i Masfjorden folkehøgskule og blitt orientert om deira arbeid for å få skulen godkjend i samband med neste års statsbudsjett. Dersom dette skal lukkast, må kommunestyret følgja opp med eit politisk arbeid slik at denne søknaden blir prioritert .

6. Arbeidet med detaljplanlegging av utleigebustader på Sandnes er starta opp. Tidspunkt for byggestart er ikkje sett.

7. Etter kommunestyremøtet i dag vil det bli eit kort møte i styringsgruppa for pilotprosjektet. Matregruppa arbeider no med slutføring av Grøn næringspark, Matre. Sandnesgruppa har hatt eit møte i haust. Det ligg føre eit framlegg til handlingsplan for Sandnes, og denne vil bli drøfta på eit folkemøte 30.09. Hostelandsgruppa skal ha møte for å drøfta innhaldet i rapporten frå Norconsult og gjera naudsynte prioriteringar. Rådmannen reknar med at konklusjonane frå dei ulike gruppene skal handsamast i styringsgruppa og vera klar til handsaming i kommunestyret i samband med budsjettet for 2010.

Til skriv 5)

Kari Skår Sørheim, KrF, oppmoda rådmann og ordførar å ta denne saka opp med gruppeleiarane og formannskapet for å drøfta korleis ein no kan løfta denne saka vidare.

Interpellasjon frå Liv Oda Dale, Ap.

Masfjorden Ap ser og høyrer i media at ordføraren frontar sak om utvikling i retning av at Nordhordland skal verte ein kommune. Ordføraren i Masfjorden vert omtalt som ein av dei folkevalde i regionen som klarast og oftast fremjar dette synet i media.

Masfjorden Arbeidarparti viser til sak 074/06, som er siste vedtak vi er kjende med frå kommunestyret som omhandlar kommunestruktur. Kommunestyret vedtok i den saka at Masfjorden har som prioritet 1 å vere eigen kommune og prioritet 2 at alle kommunane skal gå saman dersom ”**eit overordna vedtak skulle krevje større kommunar**” (vår utheving)

Masfjorden Arbeidarparti har ikkje oppfatta at det er fatta overordna, statlege vedtak på dette feltet og stiller ordføraren fylgjande spørsmål:

1. Korleis har ordføraren i Masfjorden tenkt å arbeide for at dette vedtaket i kommunestyret vert synleggjort?
2. Korleis har ordføraren tenkt å rette opp oppfatninga av at han som representant for Masfjorden kommune har ein langsiktig strategi om å etablere ein kommune eller færre kommunar i Nordhordland, dvs arbeider i strid med kommunestyrevedtak?
3. Kva strategi har ordføraren for å sikre at Masfjorden kommune skal vere eigen kommune i framtida?

Kari Skår Sørheim var ikkje tilstades under handsaming av interpellasjonen.

Terje Sætre vart valt til setteordførar før behandlinga av interpellasjonen.

Svar frå ordførar:

Ordførar registrerer, med eit snev av undring, at Arbeidarpartiet sin gruppeleiar i valkampinnspurten prøver å konstruera eit poeng der ein Høgre-ordførar er ”utru” ovanfor eit kommunestyrevedtak som vart fatta for snart 3 år sidan. Som interpellanten bør kjenna til, var kommunestyrevedtaket i sak 074/06 eit svar på spørsmålet alle norske kommunar fekk frå KS og Kommunal- og regionaldepartementet etter å ha gjennomgått ein prosess der eksisterande kommunestruktur vart vurdert: *Er det aktuelt å arbeida vidare med ei endring av kommunestrukturen? Og i tilfelle, - korleis bør dei nye grensene vera?*

Protokollen frå kommunestyremøtet 14. desember 2006 lyder slik når det gjeld den aktuelle saka:

”SAK 074/06 - KOMMUNESTRUKTURPROSJEKTET I NORDHORDLAND - UTTALE FRÅ MASFJORDEN KOMMUNE DESEMBER 2006

KS-074/06 VEDTAK:

1. *Kommunestyret konstaterer at det gjennom vedtak i andre kommunar ikkje er aktuelt å gå vidare i drøftingar mellom alle kommunane i prosjektet om ei eventuell endring av kommunestrukturen i Nordhordland. I sak 21/05 uttalte kommunestyret at prioritet 1 er å framleis vera eigen kommune, og at at prioritet 2 er at alle kommunane i Nordhordland bør gå saman dersom eit overordna vedtak skulle kreve større kommunar. Kommunestyret held fast på denne prioriteringa.*

2. *Kommunestyret finn det også uaktuelt å gå inn i drøftingar med dei andre kommunane i prosjektet om ein samkommunemodell. Gjennom arbeidet i prosjektet er det etter kommunestyret si vurdering kome fram at ein slik modell vil vera meir komplisert å gjennomføre enn det ein kunne få inntrykk av på førehand.*
3. ***Kommunestyret meiner kommunane i regionen bør vera opne for ei løpande vurdering av samarbeids og kommunestrukturen. (utheva her) Organisering av samarbeidstiltaka mellom kommunane i Nordhordland må setjast på dagsorden straks etter at kommunestrukturprosjektet er avslutta. Utfordringar rundt organiseringa av desse tiltaka var ein av grunnane til at utgreiingsprosjektet vart sett i gong.***
4. *Kommunestyret meiner at Gulen kommune må delta i dei vidare drøftingane om samarbeid og struktur.”*

Dette vedtaket, saman med vedtaka i dei andre kommunane (med unnatak av Lindås), gjorde det uaktuelt å gå inn i nokon vidare prosess rundt kommunestrukturen i denne omgang. Når det i pkt 3. i vedtaket står at ”*Kommunestyret meiner kommunane i regionen bør vera opne for ei løpande vurdering av samarbeids og kommunestrukturen.*”, kan likevel ikkje dette tolkast på annan måte enn at kommunestyret ser for seg at temaet om kommunestruktur ikkje er ”lagt daut”, - tvert i mot: Det *bør* vera eit dynamisk tema etter kommunestyret si meining.

No er ordføraren i Masfjorden pragmatisk av natur. Det har difor ikkje vore gjort det aller minste for å setja temaet om kommunestruktur på dagsorden frå hans side i tida som har gått sidan kommunestyret gjorde vedtaket som er sitert ovanfor. Det er ganske enkelt ikkje politisk vilje i kommunane i Nordhordland til å drøfta temaet, og det har såleis lite for seg å bruka krefter på det. Å uttrykkja ”*at ordføraren fronter sak om utvikling i retning av at Nordhordland skal verte ein kommune*” kan difor ikkje karakteriserast som anna enn reint oppspinn.

Media har likevel frå tid til annan vore opptatt av den framtidige kommunestrukturen m.a. i Nordhordland, og også ordføraren i Masfjorden (kanskje vel så mykje regionrådsleiaren) har vorte spurt om sitt syn. Det har ved slike høve, uansett kven som spør, vore orientert om den prosessen kommunane i Nordhordland hadde i 2005-2006, og kva resultatet vart. Det har også vore presisert at temaet for tida ikkje er aktuelt i regionen. At det frå media si side ikkje alltid er så spanande å utdjupa denne sida av saka kan ikkje anna enn stå for deira rekning.

Så til dei konkrete spørsmåla:

Spørsmål 1: *Korleis har ordføraren i Masfjorden tenkt å arbeide for at dette vedtaket i kommunestyret vert synleggjort?*

Svar: Då kommunestyret 14. desember 2006 hadde gjort vedtak om uttale i sak 074/06, vart det sendt melding til dei ein fann det naturleg å informera. I tillegg til KS var dette:

Kommunal- og regionaldepartementet

Regionrådet Nordhordland IKS

Nordhordland Revisjon IKS

Austrheim kommune

Fedje kommune

Lindås kommune

Meland kommune

Radøy kommune

Lokalavisene

Kommunen si heimeside

Proessen og resultatet er også omtala i ordføraren si innleiing til årsmeldinga for Masfjorden kommune for 2006.

Etter dette kan ikkje ordføraren sjå anna enn at vedtaket (uttalen) er synleggjort i rikt monn.

Spørsmål 2: *Korleis har ordføraren tenkt å rette opp oppfatninga av at han som representant for Masfjorden kommune har ein langsiktig strategi om å etablere ein kommune eller færre kommunar i Nordhordland, dvs arbeider i strid med kommunestyrevedtak?*

Svar: Her er det freistande å spørja kven det er som har denne oppfatninga, og kven det er som i så fall har danna ho! Det er tydeleg at Masfjorden Arbeidarparti gjennom denne interpellasjonen prøver å laga ei slik oppfatning, men ingen andre har nokon gong gitt uttrykk for at ordføraren oppfattast slik.

Ordføraren vil igjen minna om pkt 3 i vedtaket frå desember 2006: *"Kommunestyret meiner kommunane i regionen bør vera opne for ei løpande vurdering av samarbeids og kommunestrukturen."* Dette er ordføraren open for, og han er også svært opptatt av at dersom kommunegrensene skal endrast, må prosessen styrast frå og av kommunane i regionen, - ikkje frå eit skrivebord i Oslo.

Ordføraren kjenner seg heilt sikker på at kommunestrukturen (også) i vår region vil verta endra i framtida. Det er berre snakk om kor lang tid det vil gå før så skjer, og kva prosessar som vil gå i forkant. Ordføraren i Masfjorden vil nok ikkje ta føringa i ein slik prosess med mindre kommunestyret ber om det, og dagens ordførar, som neppe vil vera deltakar i denne prosessen i det heile, har så visst ingen eigen, langsiktig strategi for endring av kommunegrensene. Han trur likevel at ettertida vil døma oss hardt om vi ikkje prøver å sitja i lokomotivet når "endringstoget" går!

Å uttrykkja at ordføraren ". . arbeider i strid med kommunestyrevedtak" grensar etter denne skribenten sitt syn mot å vera reine injurier.

Spørsmål 3: *Kva strategi har ordføraren for å sikre at Masfjorden kommune skal vere eigen kommune i framtida?*

Svar: Det er her fleire strategiar som kan veljast, men dei to viktigaste er etter ordføraren si oppfatning:

- Arbeida for at Masfjorden kommune skal vera - og oppfattast som - ein god stad å bu. Her ligg det mange moglege einskildtiltak, med ei stødig og målretta ressurs- og økonomistyring i botn.
- Arbeida for at Masfjorden kommune skal kunne spela sentrale roller i regionen. Eit grep her vil vera at sentrale politikarar og administrativt tilsette leier an i felles utviklingstiltak og interkommunale organ. Dette har vi fleire døme på i dag.

Ordføraren vil på ingen måte hevda at desse to strategiane åleine vil vera avgjerande for om det vert endringar i kommunestrukturen i Nordhordland i framtida. Mykje meir avgjerande vil nok sentrale styresmakter si haldning vera. I den samanheng bør ein sjå på det den regionale stortingsrepresentanten for det største stortingspartiet seier om saka (avisa Nordhordland laurdag 12. september, side 26, innleiinga til spørsmål 1): *"Kommunegrensene i regionen vår bør endrast."*

Vidare i teksten vert det peika på fleire tilhøve som underbyggjer behovet for ny kommunestruktur, - også samhandlingsreforma som vart eit nytt tema nesten to år etter at kommunestyret gjorde sitt vedtak i desember 2006.

Det ser såleis ut til at kommunestyret i Masfjorden var framsynt når det i vedtaket, pkt 3 uttrykkjer seg slik:

”Kommunestyret meiner kommunane i regionen bør vera opne for ei løpande vurdering av samarbeids og kommunestrukturen.”

Masfjordnes, 15.09.2009

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	08.09.2009	006/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	17.09.2009	065/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 09/378
----------------	---------------------

SAK 065/09 - SØKNAD OM TILSKOT I KRAFTFONDET TIL BYGNINGSMESSIGE INVESTERINGAR I MÅRUDS KAFE & CATERING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Måruds kafe & Catering får ikkje tilskot frå kraftfondet til omsøkte prosjekt/tiltak.
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker

Finansiering

Heimel

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

KRFT-006/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Måruds kafe & Catering får kr. 40.000 i tilskot frå kraftfondet til omsøkte prosjekt/tiltak som etableringsstøtte/bedriftsutvikling.
2. Frist for å nytte tilskotet er 17.09.2011
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 08.09.2009:

Før handsaming av sakene 6-10/09 hadde kraftfondstyret ei generell gjennomgang av alle sakene på prinsipielt grunnlag m.a. ut i frå;

- Halvering av pott i høve 2008 nivå (frå 1,2 mill.kr. til 600.000) til næringsføremål
- Rapportering og effekt (jf. sak 5/09 i kraftfondstyret)
- Oppkjøp/vidareføring av eksisterande tilbod (utvikling)
- Omdisponering innan kraftfondsbudsjettet – budsjettendringar m.m.
- Næring (m.a. innspel Innovasjon Norge om innskjerping av reglar for tildeling av støtte kraftfondet) vs. Samfunnsutvikling
- Tilskot/støtte om ein hadde lagt 2008 nivå til grunn
- Etc.

Handsaming av sak 6/09.

Kraftfondstyret hadde ei grundig drøfting av saka.

Fellesframlegg på å gje 40.000 i tilskot/etableringsstøtte som bedriftsutvikling

KS-065/09 VEDTAK:

- 1. Måruds kafe & Catering får kr. 40.000 i tilskot frå kraftfondet til omsøkte prosjekt/tiltak som etableringsstøtte/bedriftsutvikling.**
- 2. Frist for å nytte tilskotet er 17.09.2011.**
- 3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.**

Det skjedde i Kommunestyret den 17.09.2009:

Kari Skår Sørheim, KrF, fekk permisjon frå møtet i denne saka.

Ordførar orienterte om saka og handsaminga i kraftfondsstyret.
Han orienterte og om dei andre kraftfondssakene som denne saka kunne samanliknast med.

Saka vart drøfta og det vart og drøfta generelt om retningslinjene og at det er viktig med likebehandling i søknader til prosjekt som kan samanliknast.

Kjell Løvik, H, sa at det er signalet kommunen gjev som er viktig og ikkje spesielt summen som blir tildelt. Likebehandling er viktig.

Liv Oda Dale, Ap, sa at det er viktig å ha retningslinjer slik at det blir likebehandling.
Dersom regelverket er uklart å vanskeleg å handtera bør ein ta desse opp til ny vurdering.

Rådmannen sa at hovudfokuset i det siste har vore folketalsutvikling og å gje støtte ved etablering av bustadfelt.

Retningslinjene til kraftfondet bør evaluerast kvart år.

Erlend Kvamsdal, Frp, rosa kommunen for at dei har vore positive med støtte ved etableringa av nye bustadfelt. Men det er og viktig med næringsutvikling og nye bedrifter. Dette heng i saman. Samd med dei andre om at det er viktig å gje like summar til like føremål.

Ut frå drøftinga i denne saka gjorde

Kjell Løvik, H, framlegg om å ta opp att saka nr 007/09 som var handsama i kraftfondsstyret den 08.09.09 Søknad om tilskot i kraftfondet - Fredsom Cafe og Pub på Sandnes.

Saka vart samrøystes tilført saklista som sak 71/09.

Røysting:

Framlegg til vedtak om Tilskot til Måruds Kafe og Catering vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	25.05.2009	Lena Mårud	Søknad om tilskot frå kraftfondet til investeringar i Måruds Kafe og Catering
3	U	19.08.2009	Lena Mårud	Søknad om tilskot frå kraftfondet til investeringar i Måruds Kafe og Catering

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det vert søkt om støtte med 200.000 gjennom kraftfondet til investeringar i Måruds Kafe og Catering.

FAKTA

Søknad om tilskot frå kraftfondet

Namn: Lena Mårud

Adresse: Risnes, 5986 Hosteland

Kontaktperson: Lena Mårud

Telefon: 988 65 681

Bransje: Kafè & Catering

Etableringsår: 2009

Antall tilsette: 2

Føretaksnummer, eventuelt personnummer: 993233889

Kort skildring av verksemda:

Eg kjøpte ei eksisterande bedrift i kommunen, tidl. Tangedal kafè & catering. Eg ynskjer fortsatt å rette drifta mot den lokale kundegruppa som i dag består av folk i alle aldre. Kafèen var og er ein veldig viktig sosial møteplass for heile denne kundegruppa. Per i dag har bedrifta 2 tilsette (totalt 150% stilling) + 1 innleid (ca.70% stilling). På sikt ynskjer eg å vidareutvikle bedrifta noko meir ved bruk av bl.a. lokal gardsmat, samd lokalt fanga sjømat.

Søknadsbeløp:

Det vert søkt om:

Tilskot kr. 200 000,-

Søknadsføremål:

Bygningsmessige investeringar: 1 200 000,-

Maskiner/ driftstilbehøyr: 400 000,-

Har verksemda motteke tilskot/ lån før frå kraftfondet? NEI.

Eigartilhøve/ leing:

Personleg selskap

Leiinga i verksemda, namn, alder, utdanning, praksis:

Lena Mårud, fødd 06.01.70. Utdanning: Grunnkurs kokk, Grunnkurs Handel og kontor, 1 år på Høgskule i Oslo: økonomi og administrasjon, 1 år på Næringsakademiet: controller. Praksis: ca 10 år som kokk, og 7 år som rekneskapsmedarbeidar.

Søknadsprosjekt:

Investeringa/ prosjektet totale kostnad kr. 1 600 000,-

Finansieringsplan:

Kredittinstitusjon			Beløp
Sparebanken Vest		kr.	1 300 000
Tilskot frå kraftfondet			kr. 200 000
Eigenkapital			
Kontantinnskot	kr.	90 000	
Eigne materialar	kr.		
Eige arbeid	kr.	10 000	
Sum eigenkapital		kr.	100 000
Total sum finansiering		kr.	1 600 000

Framtidig drift:

- Budsjet for drifta etter at investeringa er gjennomført
- Ved nyetableringar må det vedleggast driftsbudsjett for minimum 1 år

Sal/ marknaden til verksemda (informasjon ikkje gitt i søknaden):

- Verksemda sine viktigaste kundegrupper (r)
- Marknadsføringstiltak
- Viktigaste konkurrentar

Budsjett

Konto	Tekst	Merknad	Kroner	% av omsetnad
3010	Avg.pl salg		1 900 000	
3020	Andre inntekter			
	sum inntekter		1 900 000	100 %
4010	Varekjøp		855 000	
	Sum varekjøp		855 000	45 %
	Bruttoavanse		1 045 000	
5010	Lønn	1,5 stilling	513 000	27 %
5070	Feriepengar		61 500	3,2 %
5410	Arb.g.avg	Sone 2	60 800	3,2 %
5610	Leigearbeid andre		-	0,0 %
5900	Personalkostn.		11 000	0,6 %
	Sum personal		646 300	34,0 %
6100	Frakt	inngår i varekjøpet		

6360	Reinhold/ renovasjon		8 000	0,4 %
6200	Elkraft		25 000	1,3 %
6400	Leiekostnader	diverse	5 500	0,3 %
6500	Verktøy utstyr		50 000	2,6 %
6620	Vedlikehold		5 000	0,3 %
6610	EDB kontorutstyr		10 000	0,5 %
6705	Regnskap			0,0 %
6701	Revisjon			0,0 %
6790	Administrasjon			0,0 %
6800	Kontorrekvisita		5 000	0,3 %
6840	Aviser m.v.			0,0 %
6901	Telefon og faks		10 000	0,5 %
6940	Porto		2000	0,1 %
7000	Drivstoff bil		15 000	0,8 %
7020	Vedlikehold bil		5 000	0,3 %
7040	Forsikring bil		11 000	0,6 %
7010	Reisekostnader		3 000	0,2 %
		Spes ved		
7320	Reklame annonser	oppstart	15 000	0,8 %
7510	Forsikring		11 000	0,6 %
7790	Gebyr		2 000	0,1 %
	Sum sal og adm		182 500	9,6 %
	Driftsresultat før avskrivning		216 200	11,4 %
				0,0 %
	Avskrivning			0,0 %
6021	Driftsmidler		100 000	5,3 %
6015	Avskrivning goodwill		130 000	6,8 %
	Sum avskrivningar		230 000	12,1 %
8100	Netto finans		140 000	7,4 %
	Budsjettetert årsresultat		(153 800)	-8,1 %

VURDERING

Prosjekt det er søkt om støtte til gjeld i hovudsak kjøp av eigedom (1,2 mill.kr.), lausøyre med 0,3 mill.kr. og andre oppstartskostnader som bl.a. maling, utstyr, kassaapparat, betalingsterminal og interiør, samt 10.000 i eigeninnsats → samla investering med 1,6 mill.kr.

Tiltaket og søknaden er i samsvar med det overordna målet med å bruka kraftfondet til å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemder, fremja etablering av nye verksemder og å sikra og auka busetnaden i kommunen. Tiltaket inneber kvinnearbeidsplass(ar).

Etter § 5 i vedtektene kan samla finansiering frå kraftfondet til private nærings tiltak som hovudregel ikkje overstige 25% av den samla kapitaltrongen. Etter § 2 i retningslinene er beløpsgrense for investeringar 200.000,-. Det er søkt om maks tilskot i høve til kva kraftfondet opnar for å gje i støtte.

Tiltaket inneber vidareføring av tilnærma same tilbodet som ein hadde i regi av Kafe Knutén. Jf. pkt. 3 i søknadsskjema, så er det ikkje gitt tilskot/støtte til nye eigarar av kafeén på Risnes, men det er tidlegare gitt støtte/lån til verksemda. Tiltaket inneber ikkje noko utvikling, men vidareføring av tiltak som det tidlegare er gitt støtte til. Om lag 94% av prosjektet det vert søkt støtte til er tidlegare gitt støtte/finansiering til gjennom kraftfondet.

Generelt sett ber søknader i samband med 1.tildeling 2009 preg av lite utvikling, men meir overtaking/kjøp av tidlegare drift og verksemd, og slik sett lite nyutvikling og bedriftsutvikling. Ramma for frie midlar til næringsføremål er halvert i forhold til ramma til disposisjon samanlikna med 2008 og nivå dei seinare år (dvs. frå 1,2 mill.kr. til 600.000,-). Dette inneber at ein må sette strengare krav til kva prosjekt ein gjev støtte til. Dei seinare år har dei fleste søknader fått innvilga støtte. Denne praksis må endrast og prosjekt som gjev utvikling prioriterast.

Vurderingane i denne saka opp i mot tidlegare års handsaming – støtte med inntil kr. 40.000,- i forhold til etablering av ny verksemd/bedriftsutvikling, alternativt kr. 200.000,- til 25% av nye investeringspostar eller ingen støtte då det reelt ikkje skjer nokon utvikling, men vidareføring av verksemd som var der tidlegare og ikkje minst likehandsaming av søkjarane pr. 1.tildeling 2009. Tilbakemeldingane frå dei som fekk tilskot i 2008 er veldig avgrensa, og tyder på at tilskotet ikkje har den store betydninga. Det viktigaste er at den nye verksemda legg opp til prisar og inntening som ein kan leve av, og slik sett setter ein spørsmålsteikn ved botnlinja i vedlagde budsjett frå søkjar. Det er viktig å leggje til grunn ei drift kor ein ikkje er avhengig av tilskot. Justering av budsjettet må til.

Ut i frå 2008 vurderingane ville sakshandsamar ha innstilt på støtte med 40.000,-, men ut i frå halvering av midlar til næringsføremål og heilskapen i prosjektet, samt overtaking av tidlegare drift – endar ein på å ikkje tilrå at det vert gitt støtte til omsøkte prosjekt frå kraftfondet.

KONKLUSJON

Lene Mårud får ikkje tilskot frå kraftfondet til vidareføring og utvikling av tidlegare kafe og catering drift på Risnes.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	08.09.2009	010/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	17.09.2009	066/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 09/443
----------------	---------------------

SAK 066/09 - GMU A/S - SØKNAD OM DRIFTSTILSKOT FRÅ KRAFTFONDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune løyver kr. 250.000 i driftstilskot til GMU.

Finansiering

posten "andre næringstiltak" i kraftfondsbudsjettet for 2009

Heimel

Budsjett 2009 kraftfondet og vedtektene for kraftfondet

KRFT-010/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune løyver kr. 100.000 i driftstilskot til GMU.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 08.09.2009:

Ordførar som styremedlem i GMU sa seg inhabil i saka, og fekk støtte frå kraftfondstyret kring det. Varaordførar Kari Skår Sørheim ville ha vurdert sin habilitet som vara til styret i GMU. Ho såg seg ikkje som inhabil, noko kraftfondsstyret slutta seg til.

Saka vart deretter grundig drøfta.

Utgangspunkt for tilrådinga var at tilskotet var indirekte innlagt i kraftfondsbudsjettet som andre næringstiltak og at Masfjorden kommune gjekk inn i det nye selskapet.

Selskapet skal i utgangspunktet finansierast med avkastning på innskotne midlar + driftstilskot.

Kva GMU konkret skal arbeide med er ikkje heilt klarlagt enno, forretningsplan og opplegg elles er ikkje klart enno.

SP starta med å foreslå halvering av sum tilskot. AP og FrP var i utgangspunktet innstilt på å gå i mot støtte til GMU. KrF ville gje ei positiv tilbakemelding til GMU ved å fremje forslag om eit tilskot på 100.000,-. Det vart prøvd å komme fram til ei felles tilråding. Resultatet vart at AP/FrP fremja framlegg om å ikkje gje tilskot, mot KrF/SP som ville gje eit tilskot med kr. 100.000,-. Ingen opprettheldt rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Ved røysting fekk begge framlegga 2 røyster, og framlegget frå KrF/Sp vart vedteke med ordførar si dobbelrøyst.

KS-066/09 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre ser positivt på Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) og intensjonen om å skape næringsutvikling i Masfjorden og Gulen.

Kommunestyret ynskjer å få saka tilbake når det er klarlagt kva GMU A/S konkret skal arbeide vidare med og forretningsplan og opplegg for selskapet ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 17.09.2009:

Ordførar Håkon Matre orienterte om handsaminga av saka i kraftfondsstyret.

Han sa seg ugild i saka sidan han er styremedlem i styret i GMU AS.
Kommunestyret slutta seg til dette.

Varaordførar Kari Skår Sørheim, KrF, er varamedlem til styret i GMU AS og vart ikkje vurdert som ugild av kommunestyret.

John Torsvik, H, spurde om han var ugild sidan han er bror til dagleg leiar i selskapet.

Ordførar sa at det er styret i GMU AS som er søkjar av tilskot og ikkje dagleg leiar.

Det vart røysta over dette og Torsvik vart samrøystes kjent gild.

Høgre ba om gruppemøte før behandling av saka.

Møte vart heva.

Etter gruppemøtet var ferdig vart sett att og Matre forlet møtet.

Varaordførar Kari Skår Sørheim overtok no som setteordførar.

Saka vart drøfta grundig.

Kjell Løvik, H, sa det er søkt om støtte til drift. Gulen går tilsvarande inn på Gulen sida. Sløvåg er motor i regionen. Viktig å ha ein funksjon som tek seg av næringslivet sine interesser. Høgre går inn for å gje ei hand til næringslivet i Masfjorden.

Liv Oda Dale, Ap, sa at Ap ser positivt på GMU og intensjonen til selskapet om å skapa næringsutvikling.

Framlegg frå AP:

Masfjorden kommunestyre ser positivt på Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) og intensjonen om å skape næringsutvikling i Masfjorden og Gulen.

Kommunestyret ynskjer å få saka tilbake når det er klarlagt kva GMU konkret skal arbeide vidare med og forretningsplan og opplegg for selskapet som ligg føre.

Kjell Løvik, H, sette fram slikt framlegg frå Høgre:

Høgre støttar administrasjonen sitt framlegg for Kraftfondsstyret med å løyve Kr. 250.000,- i driftstilskot til GMU AS. Masfjorden kommunestyre får attende ein Handlingsplan for arbeidet med næringsarbeid i Masfjorden, deriblant oppgåver for Masfjorden næringsforum.

Ingen opprettheld framlegget frå kraftfondsstyret.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over Ap sitt framlegg.

Framlegget frå Ap vart vedteke med 8 røyster. (Ap, Sp, Frp.) mot (H, KrF og V)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	12.06.2009	GMU AS v/Torill Størkersen	GMU AS - Søknad om driftstilskot frå kraftfondet

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Omstrukturering av GMU sommaren 2008, og viser i denne samanheng til vedtak i Kommunestyresak 59/08 av den 19.6.08 og til formannskapsvedtak i sak 60/08 av den 3.7.08;

FS-060/08 VEDTAK :

- 1. Masfjorden kommune overdrar sine 4443 aksjar i Gulen og Masfjorden Utbyggingsselskap AS for kr. 750,- pr. stk. til Wergeland Holding AS.**
- 2. Kjøpesummen skal nyttast til å teikne aksjar i nytt selskap under etablering: Gulen og Masfjorden Utviklingsselskap AS.**

Det skjedde i Formannskapet den 03.07.2008:

Ordførar Håkon Matre orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Formannskapet gav uttrykk for at det var positivt at det no er danna eit offentleg selskap som skal driva med næringsutvikling i Gulen og Masfjorden og ikkje berre i Sløvåg området.

Det er viktig at Masfjorden kommune vert ein leverandør til selskapet slik at det vert næringsutvikling i vår kommune og.

Det vart og snakka om lokalisering av det nye selskapet og at Masfjorden kommune måtte vera offensive å signalisera at Hosteland var ein aktuell stad.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Masfjorden kommune har ikkje teke endeleg stilling til driftstilskot til GMU for 2009 med kr. 250.000,-, då ein har venta på ein søknad frå GMU.

Eigarsturkur og kapital i "nye" GMU

Aksjonær	Aksjekapital	Antall aksjer	Pålydende	Emisjonskurs	Overkurs	Egenkapital	Eierandel
Gulen kommune	1 111 000	4 444	250	750	2 222 000	3 333 000	20,67 %
Masfjorden kommune	1 110 750	4 443	250	750	2 221 500	3 332 250	20,67 %
SIVA sf.	1 278 250	5 113	250	750	2 556 500	3 834 750	23,78 %
Hordaland fylkeskommune	500 000	2 000	250	750	1 000 000	1 500 000	9,30 %
Sogn og Fjordane fylkeskommune	500 000	2 000	250	750	1 000 000	1 500 000	9,30 %
Rest tilskudd kai							
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	875 000	3 500	250	1 000	2 625 000	3 500 000	16,28 %
Sum	5 375 000	21 500			11 625 000	17 000 000	100,00 %
Driftstilskot;							
Gulen Kommune						250 000	
Masfjorden kommune						250 000	
Sogn og Fjordane fylkeskommune						500 000	
Sum totalt						18 000 000	

Som det framgår av tabellen over, er det lagt til grunn 250.000,- i driftstilskot frå Masfjorden kommune. Det er teke høgde for løyvinga i budsjettet for kraftfondet 2009 under posten "andre nærings tiltak".

FAKTA

Søknad om driftstilskot frå Masfjorden kommune.

Gulen og Masfjorden Utvikling AS søker med dette om driftstilskot for tenester selskapet utfører for Masfjorden kommune i høve arbeid med næringsutvikling i kommunen.

Selskapet har som formål å leggje til rette for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar og medvirke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet.

Selskapet skal vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan òg drive med kjøp/ og sal og ha anna verksemd i samband med dette. I tillegg kan Gulen og Masfjorden Utvikling delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med næringsråda i kommunane.

På bakgrunn av dei nemnde formåla, held selskapet på å utarbeide ein forretningsplan som skal ivareta eksterne interessar i selskapet, slik som tenester for Masfjorden kommune.

Det er halde fellesmøte mellom administrativ leiing i Masfjorden kommune og dagleg leiar i Gulen og Masfjorden Utviklingselskap 2. juni, for å få etablert ei felles forståing for dei oppgåvene som er tiltenkt lagt til Gulen og Masfjorden Utvikling AS.

Prioriterte oppgaver lagt til GMU:**1. Etablerarvegleiing:**

Dagleg leiar har kompetanse i forretningsutvikling og entreprenørskap og har tidlegare jobba med bedriftsrådgeving og etablerarvegleiing i kommunal og interkommunal regi. Dagleg leiar vil også delta på fagkurs i regi av Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Norge hausten 2009 for å få siste oppdatert informasjon i høve kommunane i Hordaland. Oppfølging av etablerarar i kommunen vil vere ei oppgåve som Gulen og Masfjorden Utvikling vil kunne bidra med.

2. Rådgjevar i høve søknader til Kraftfondet.

Dagleg leiar har fått nødvendig opplæring i regelverket for Kraftfondet og vil kunne vere ein rådgjevar og hjelpar i høve dei som ynskjer å søkje fondet. Dette arbeidet vil kunne avlaste sakshandsamar i kommunen. Dagleg leiar i Gulen og Masfjorden Utvikling vil i slike søknadsprosedyrer også kunne jobbe igjennom forretningsidè og forretningsplanen til søkjaren.

3. Sekretær for Masfjorden Næringsforum.

Dagleg leiar i Gulen og Masfjorden Utvikling vil kunne stille til rådvelde sekretærtjenester for Masfjorden Næringsforum. Tenesta er allereie godt i gong, og styret i Masfjorden Næringsråd har gjennomført styremøter og aktiviteter i arbeidsgruppe, der ein utvida sekretærfunksjon er tilstades. Økonomioversikt og kasserarrolla er tillagt oppgåva. Dagleg leiar vil også fungere som sekretær for Gulen Næringsråd. Det er utarbeida ein samarbeidsplattform for næringsorganisasjonane som ivaretar forventingane til tenestene levert av Gulen og Masfjorden Utvikling.

Omorganisering av Gulen og Masfjorden Utvikling AS ("Nye GMU")

Som eigar av Gulen og Masfjorden Utvikling er dykk kjende med omorganiseringa frå tidlegare Gulen og Masfjorden Utbyggingselskap. Gulen og Masfjorden Utvikling vil ha i ein heilt ny funksjon i det nye selskapet. Selskapet vil arbeide med generell næringsutvikling i begge kommunane og forvaltar ingen industritomtar.

Nedanfor syner ei oversikt over dagens fordeling av aksjonærane som gjekk inn i selskapet ved ekstraordinær generalforsamling i okt. 2008. I tillegg har Sogn og Fjordane fylkeskommune i møter 10. og 11. juni i år, vedtatt ytterlegare aksjeutviding i Gulen og Masfjorden Utvikling med 2,625 mill.

Gulen og Masfjorden Utvikling AS vart stifta av Wergeland Holding 27. juni 2008 og 16 oktober gjekk 5 offentlege aktørar inn med eigarskap i Gulen og Masfjorden Utvikling AS; Gulen kommune, Masfjorden kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune og SIVA, med følgjande aksjefordeling som vist under.

Representantar frå næringslivet og næringslivsorganisasjonar, sit saman med eigarane i styret. Styret er sett til 8 personar; 4 representantar frå eigarane og 4 representantar frå næringslivet.

Aksjonær	Eigenkapital	Tal aksjar	Eigardel
Sogn og Fj. fylkeskommune	1 500 000	2000	11,11%
Siva SF	3 834 750	5113	28,41%
Gulen kommune	3 333 000	4444	24,69%
Masfjorden kommune	3 332 250	4443	24,68%
Hordaland fylkeskommune	1 500 000	2000	11,11%
SUM	13 500 000	18 000	100 %

+ utvida eigardel Sogn og Fjordane fylkeskommune med 2,625 mill.kr. slik at samla aksjekapital vert 16.125 mill.kr., og med Sogn og Fjordane fylkeskommune som største eigar.

Håpar Masfjorden kommune ser nytten av å bruke Gulen og Masfjorden Utvikling AS som tenesteleverandør for næringsrelaterte oppgåver i kommunen, som innleiingsvis omtala, og at vi vil kunne utarbeid ein god samarbeidsplattform på bakgrunn av dette.

Sakshandsamar ba den 31.august om ein status over kven som har gitt driftsstøtte til selskapet, og fekk følgjande tilbakemelding (og dermed ikkje noko konkret svar på kven som har gjort vedtak (Gulen innarbeidd i 2009 budsjettet – driftsstøtte med 250.000) og faktisk betalt ut driftsstøtte);

NOTAT TILSKOT – DRIFTSMIDLAR TIL GMU 31.08.09

Budsjettmessig er det sett opp eit driftsbudsjett på kr. 1350.000

Gulen kommune:	kr. 250.000,-
Masfjorden kommune:	kr. 250.000,-
Sogn og Fjordane fylkeskommune:	kr. 250.000,-
Hordaland fylkeskommune:	kr. 250.000,-
<u>SIVA:</u>	<u>kr. 350.000,-</u>
<u>SUM:</u>	<u>kr. 1.350.000,-</u>

Driftstilskot frå kommunane Gulen og Masfjorden kommunar, er i hovudsak knyta opp til generelt næringsarbeid i kommunane, fortrinnsvis etablerarvegledning og sekretærfunksjon for næringsforeiningane. For Sogn og Fjordane ligg det inne driftsstøtte for 2009 og 2010, i hovudsak for å jobbe med prosjekta gassbasert industri og næringshage i Sløvåg. Her låg det inne kr. 500.000,-, men vart halvert då for å involvere Hordaland fylkeskommune. For Hordaland er det dei same prosjekta som gjeld, men her vert det søkt om 3-årige prosjektmidlar gjennom RUP-midlane. Søknadene er under utarbeiding. Siva kan gå inn med støtte til forprosjekt i arbeidet med næringshage, og seinare til drift. Kva sum SIVA går inn med her i dei ulike fasane, vil enno vere noko usikkert. Prosjektskisser er under utarbeiding. Aksjekapitalen er pr. juni 2009, på NOK 16.125 mill.

VURDERING

Ved omdanning av GMU frå Gulen og Masfjorden utbyggingsselskap til Gulen og Masfjorden utvikling AS, vart det presentert ei skisse for ny eigarstruktur og kapital i nye "GMU", som innebar 250.000,- i driftstilskot frå m.a. Masfjorden kommune. Tolka som eingongsstøtte. Søknaden frå GMU om driftsstøtte har ingen konkret søknadssum, men ein har lagt til grunn sum i ovannemnde skisse for kapital og eigarstruktur.

I dialog med dagleg leiar GMU ser vel selskapet for seg årleg driftsstøtte på nivå framlagt i skisse for kapital og eigarstruktur.

Det har vore ein gjennomgang av aktuelle oppgåver som GMU kan utføre på vegne av Masfjorden kommune. Rettleiing for næringsaktørar, div. kring kraftfondet og sekretær for næringsforumet er det ein ser for seg som aktuelle oppgåver. Omfanget av dette arbeidet vil nok variere ein del, men i eit normalår vil ikkje omfanget av desse oppgåvene utgjere så alt for mange timars arbeid.

Dersom det skal vere aktuelt med eit årleg driftstilskot på 250.000,-, må ein sjå nærare på arbeidsinnhald og formalisere ein avtale mellom GMU og kommunen. Sakshandsamar har skissert overfor dagleg leiar i GMU at ved eit årleg driftstilskot bør vere basert på ein gitt timepris og i forhold til faktisk utført arbeid for den enkelte aktør – men har tolka det slik at dette kan vere vanskeleg å få gjennomført reint praktisk. Ein meiner at det må vere samanheng mellom driftsstøtte og det ein får att av faktiske tenester. Utan forpliktande avtalar mellom ulike aktørar, kan det vere at enkelte får mykje att for driftsstøtte, medan andre aktørar får lite eller tilnærma ingenting att for å tilføre selskapet driftsmidlar. Selskapet er framleis i etableringsfasen, og det er ein del som framleis ikkje er klarert. Ein vonar at dagleg leiar kan avklare ein del overfor Kommunestyret den 17.september kring forretningsplan og korleis selskapet er tenkt drive framover. Dette føreligg ikkje enno, men reknar med at dei er på plass innan kort tid.

Når ein tilrår driftsstøtte til selskapet, er det med bakgrunn i § 4 i vedtektene

§ 4

Selskapet sitt føremål er å tilretteleggje tilhøva for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal ved å vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar medvirke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere ein pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksemd i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd.

og at ein vonar at selskapet skal bidra positivt for utviklinga i området.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune løyver kr. 250.000 i driftstilskot til GMU, og finansierer løyvinga med posten "andre nærings tiltak" i kraftfondsbudsjettet for 2009. Ytterlegare driftsstøtte i åra framover må vere basert på godtgjering i høve til faktisk utførte tenester frå GMU.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	08.09.2009	008/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	17.09.2009	067/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 09/434
----------------	---------------------

SAK 067/09 - SØKNAD OM TILSKOT I KRAFTFONDET TIL REISEVERKSEMD

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Norwegian Roots og Travel AS får ikkje støtte/tilskot gjennom kraftfondet til 2 omsøkte prosjekt/tiltak.
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Finansiering

Heimel

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

KRFT-008/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Norwegian Roots og Travel AS får ikkje støtte/tilskot gjennom kraftfondet til 2 omsøkte prosjekt/tiltak.
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 08.09.2009:

Sleire-Gjerde stilte innleiingsvis av møtet, og orienterte om søknaden og status i drifta.

Kraftfondsstyret hadde ei grundig drøfting av saka. Alle var samde om at forretningsideén var god og spennande, men at selskapet har fått mykje offentleg støtte til drifta hittil, og rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk tilslutning frå kraftfondsstyret. Samrøystes vedtak.

KS-067/09 VEDTAK:

1. Norwegian Roots og Travel AS får ikkje støtte/tilskot gjennom kraftfondet til 2 omsøkte prosjekt/tiltak.
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Finansiering**Heimel**

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

Det skjedde i Kommunestyret den 17.09.2009:

John Torsvik sa seg ugild i denne saka pga av slektskap til søker.
Dette vart samrøystes vedteke.

Røysting:

Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	15.06.2009	Norwegina Roots & Travel AS v/Elisabeth Sleire-Gjerde	Søknad om tilskot i kraftfondet til Norwegian Roots & Travel AS
2	U	19.08.2009	Norwegina Roots & Travel AS v/Elisabeth Sleire-Gjerde	Søknad om tilskot i kraftfondet til Norwegian Roots & Travel AS

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det vert søkt om eit tilskot på kr. 66.000 gjennom kraftfondet

FAKTA

1. Lånsøkjår			
Namn:	Norwegian Roots & Travel AS		
Adresse:	Ytre Hauusdal, 5986 Hosteland		
Kontaktperson:	Elisabeth Sleire-Gjerde	Telefon:	47318980
Bransje:	Reiseliv	Etableringsår:	2007
Føretaksnummer, eventuelt personnummer, 9 (11) siffer:		Antal tilsette:	1
		993505315	
Kort beskriving av verksemda:			
NRT skal lage og selge slektsreiser til norskætta amerikanere. Vi lager også ferdige turer i Norgefor salg til alle nasjonaliteter.			

3. Søknadstøremål			
Bygningsmessige investeringar		Maskiner/driftstilbehøyr	
Produktutvikling		Marknadsføring	
Har verksemda tidlegare motteke lån og/eller tilskot frå kraftfondet: Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>			

4. Eigartilhøve/leing			
Personleg selskap	<input type="checkbox"/>	Aksjeselskap (AS)	<input checked="" type="checkbox"/>
Berre for aksjeselskap:		Anna selskapsform	
		Storleik på aksjekapital,	
		kr. 100 000 -	
		Største aksjonær:	Vestablikk 50%
Leiinga i verksemda (namn, alder, utdanning og praksis):			
Daglig leder: Elisabeth Sleire-Gjerde, 35 år, utdanna reiselivskonsulent med IATA sertifisering. Styreleder; Irene P K Wergeland, Styremedlem; Torill T Størkersen.			

5. Søknadsprosjekt	
Investeringa/prosjektet totale kostnad kr.	83 700,-
(Spesifisert kostnadsoverslag må vedleggast søknaden)	
Kort begrunning for investeringa/prosjektet:	
Vi har i programmet for 2009 lagt inn to messer i USA. Nordic Fest;23-25 juli, samt Norsk Høstfest 30.09-03.10. Dette er vår hovudarena for innsalg til neste års sesong. Vi har også laget en tur vi ønsker å lage brosjyre til, slik at vi kan markedsføre denne lokalt og i USA.	

6. Finansieringsplan		Beløp
KREDITTINSTITUSJON (spesifiser)		
Kraftfondet	kr	66 000
Regionrådet	kr	16 700
	kr	
EIGENKAPITAL (Spesifiser)		
Kontantinskot	kr	
Eigne materialar	kr	5 000
Eige arbeid	kr	22 500
"Over drifta"	kr	
SUM EIGENKAPITAL	kr	27 500
TOTAL SUM FINANSIERING		kr 110200

Norwegian Roots & Travel søker om kr 66 000,- i tilskudd fra Kraftfondet.

Bakgrunnen for søknaden har sammenheng med delvis innvilget søknad fra Innovasjon Norge. Selskapet ble opprinnelig stiftet som et DA av Torill T Størkersen og Elisabeth Sleire-Gjerde. Ingen av eierne har tidligere arbeidet fulltid for firmaet, pga sykdom og barnefødsler. Dermed har oppstartsprosessen tatt lengre tid enn opprinnelig planlagt. Selskapet ble omgjort til AS 08.desember 2008. Vi hadde innleid en daglig leder i 40 % stilling i tre måneder, for å få en bedre og raskere oppstart av bedriften. Elisabeth Sleire-Gjerde startet 12.februar fulltid i bedriften, og er nå eneste som arbeider i bedriften. Elisabeth er på et attføringstiltak i forbindelse med oppstart av bedriften, og har utbetalt attføringspenger fra NAV inntil 31.12.2009. Vårt mål er å ha to fulle stillinger, slik at vi har to nye kvinnearbeidsplasser i Masfjorden Kommune.

I denne etableringsfasen som i praksis har strukket seg over halvannet år, har vi fått innvilget etablererstipend fra Innovasjon Norge. Vi har nå også fått innvilget deler av en søknad til utviklingsmidler til bedriften.

Det som ikke er innvilget i den søknaden, er messedeltagelse i USA. Dette er vår hovedarena for innsalg til neste sesong. Uten denne messedeltagelsen vet vi at vi ikke har mulighet til å ansette Elisabeth etter endt attføring 31.12.2009.

Vi har i programmet for 2009 lagt inn to messer. Første er Nordic Fest i Decorah, Iowa. www.nordivfest.org Den starter 23 juli og varer i tre dager. Neste messe er Norsk Høsfest i Minot, North Dakota. Den starter 01 oktober og varer i fire dager. www.hostfest.no . Vi planlegger å reise, både Torill og Elisabeth.

Kostnadsoverslag over disse to prosjekt:

Reise tur retur Chicago juli 2009:	ca 19 000,-
Leiebil Chicago-Decorah 2009:	ca 4000,-
Overnatting 7 netter juli 2009:	ca 7000,-
Messedeltagelse juli 2009:	ca 1500,-
Totale kostnader ved messe juli 2009:	ca 31 500,-

Reise tur retur Minot oktober 2009 :	ca 19 000,-
Leiebil Minot oktober 2009 :	ca 3500,-
Overnatting 8 netter oktober 2009 :	ca 5000,-
Messedeltagelse oktober 2009 :	ca 3700,-
Totale kostnader ved messe okt. 2009:	ca 31 200,-

Totalt kostnader ved disse to messene vil da være på ca kr 62 700,-.

Vi skal i tillegg til dette lage en brosjyre på en tur som Norwegian Roots & Travel har satt sammen. Dette prosjektet skulle vi egentlig sende en søknad til Innovasjon Norge om støtte til. De har et program som heter Kort og Godt. Dette er prosjektmidler til opplevelsesproduksjon, og innehar følgende kriterier:

- Avtalefestet langsiktig og forpliktende samarbeid mellom flere aktører som f.eks overnattingssteder, transportfirma og turoperatører.
- Minimum 3 bedrifter må samarbeide
- Foredling av eksisterende og/eller utvikling av nye opplevelser
- Øke mangfoldet av helårige reiselivstilbud lokalt
- Skal være i tråd med geoturismeprinsippene
- Midlene kan ikke brukes til markedsføring eller fysiske investeringer, men testmarkedsføring og messedeltagelse kan inngå i søknadsgrunnlaget.

På bakgrunn av dette hadde vi som nevnt tenkt å sende inn en søknad om midler til dette prosjektet. Vi har laget en tur som heter A Journey for Life- With a Costal View. Vi har i samarbeid med Skjerjehamn, Svanøy Hovedgård, Selje Hotel og Fjord 1 satt sammen en tur som kan selges til alle reiselivsmarkeder, både nordmenn og utlendinger. Vi ønsker i hovedsak å ha denne med oss på messer i USA, men ønsker samtidig å sette den ut lokalt på Strandkaiteminalen og hos Turistinformasjonen. Muligheten er også tilstede for å sende denne til Europeiske reisebyrå som selger Norge.

Men vi har fått vite av Innovasjon Norge at Kort og Godt- programmet har blitt lagt på is. Regjeringen har stoppet dette midlertidig, de pengene skal brukes til utlån til bedrifter som trenger hjelp nå i finanskrisen.

Det er godt mulig dette prosjektet blir startet opp igjen, men det vil da være for sent for oss denne gang. Vi må ha denne brosjyren med oss til USA, vi må teste markedet lokalt, og forsøke å selge turer i år. Uten inntekter er det som nevnt ikke mye fremdrift i bedriften.

Kostnadsrammen på denne brosjyren er kr 20 000,- for utforming, korrektur og trykk av 7000 stk brosjyrer. Vi har forsøkt å få de andre deltakerne med på kostnadene, men har hittil kun fått ett bekreftet ja. Vi har også fått ett bekreftet nei. Vårt håp er at vi er tre som kan dele på kostnadene på denne brosjyren. Det vil da bli en kostnad på kr 6700,- pr deltaker. Men som nevnt er dette ikke avklart. Det er naturlig å tenke at dersom det kun er en deltager utenom oss som ønsker å delta på denne kostnaden, vil den ene andre aktøren trekke seg.

Reiselivstrenden går mot individuelle reiser med personlig tilsnitt. Med tanke på finanskrisen og store miljøutfordringer, ser vi at vi absolutt har store fordeler i vår bedrift. Våre hovedkunder er amerikanere som ønsker en stor opplevelse for livet. Det blir en reise de gjør en gang i livet, og da spiller finanskrisen ikke så stor rolle. Vi har også sett at de reisende ønsker nære personlige opplevelser istedenfor vanlige hotell, og de vanlige masse-turisme severdigheter og steder.

Vi ser at våre to prosjekt kan inngå som bedriftsutvikling, både som etablererstipend, men også som produktutvikling og markedsføring.

Vi leser i vedtektene at man kan innvilges inntil 75 % av prosjektkostnader, da vi har en bedrift som har potensial til å ansette 2 kvinner bosatt i Masfjorden.

1. Tilskuddsbeløp

Innovasjon Norge bevilger NORWEGIAN ROOTS & TRAVEL AS et tilskudd på inntil

kr 180 000 --kroneretthundreogåttitusen--

Begrunnelse for avkorting av søknadsbeløpet:

Kostnader til messedeltaking og omdømmebygging inngår ikke i tilskuddsgrunnlaget.

2. Godkjent kostnadsramme

GRUNNLAG FOR BAGATELLEMESSIG STØTTE

Innleigd konsulent januar-februar 2009.....	60 000
Utvikling UBIX. Konsulentbistand- kunderelasjonsprogr UBIX	130 000
Kurs/opplæring slekt og booking.....	10 000
Lisens DESTINATOR. Produktutvikling web-konsulent.....	115 000
Produktutvikling Transfer 32/Destinator.....	50 000
Sum.....	365 000
Støtte.....	180 000
Støtteandel i prosent.....	49

Rekneskap 2007 og pr. 1.4.2008 vedlagt søknaden.

Selskapet har fått støtte gjennom kraftfondet jf.

«Sdo_Tittel»

Viser til dykkar søknad datert «Sdo_SvarPaaDokDato» og til vedlagt utskrift av vedtak i kommunestyret den 22.04.2008.

KS-034/08 VEDTAK:

- 1. Norwegian roots får eit lån stort kr. 250.000,-, med 3 års avdragsfri periode, deretter 10 års nedbetalingstid.**
- 2. Lån med pant i eigedom/anlegg/produksjonsutstyr.**
- 3. Frist til å nytta lånet er 22.04.2010.**
- 4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.**

VURDERING

Kraftfondet er inne med støtte til selskapet i form av lån og avdragsfri periode på 3 år – jf. Kommunestyresak 34/08 av 22.april 2008.

Det vert søkt støtte gjennom kraftfondet til deltaking på 2 messer i USA – med ein samla reisekostnad på nær 60.000 og messeavgift på ca. 5.000,-. Dette var tiltak som inngjekk i søknaden om støtte frå Innovasjon Noreg, men messedeltaking vart ikkje godkjent av Innovasjon Noreg.

Søklarane har fokus på § 5 i vedtektene,

Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte”.

Men forhold knytt til dette punkt har ei beløpsgrense på inntil 40.000,- jf. § 2 i retningslinene for kraftfondet.

Vidare i § 2 i retningslinene har ein følgjande forhold å ta omsyn til

Ved ein eventuell samfinansiering med midlar frå andre støtteordningar, kan samla offentleg stønad ikkje overstige stønadsdel som er fastset i § 5.

Norwegian roots og travel AS har fått støtte gjennom innovasjon Noreg med inntil 180.000,-, og støtte som utgjør 49% av omsøkte prosjekt. I tillegg er NAV inne på finansieringssida. Samla offentlig støtte er stor, og har finansiert tilnærma all drift så langt for selskapet. Ut i frå at ein har stor søknadsomfang ved 1.tildeling av kraftfondsmidlar i 2009, og at selskapet har fått mykje offentlig støtte tilrår ein ikkje støtte til omsøkte prosjekt. Dette med bakgrunn i § 2 i retningslinene, om samfinansiering av offentlig støtte, + beløpsgrenser og § 5 i vedtektene.

KONKLUSJON

Søknad om støtte til 2 omsøkte prosjekt (reise + messedeltaking) vert ikkje tilrådd støtta gjennom kraftfondet.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	08.09.2009	009/09	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	17.09.2009	068/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 09/435
----------------	---------------------

SAK 068/09 - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KRAFTFONDET TIL BEDRIFTSUTVIKLING - Kvingo Nærkjøp AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Kvingo nærkjøp as får ikkje tilskot gjennom kraftfondet til omsøkte tiltak.
2. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Finansiering

Bruk av kraftfondet, (balansekonto 2.5700.001 i kommunerekneskapen)

Heimel

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

KRFT-009/09 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. **Kvingo Nærkjøp AS får eit tilskot på kr.40.000,- frå kraftfondet til etableringsstøtte/bedriftsutvikling.**
2. **Frist for å nytte tilskotet er 17.09.2011**
3. **Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker**

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 08.09.2009:

Kariann Ekren stilte innleiingsvis av møtet, og orienterte om søknaden og status i drifta.

Kraftfondsstyret hadde ei grundig drøfting av saka.

Kraftfondstyret ønskte å gje støtte til tiltaket med fokus på kvinnearbeidsplass, tilflytting og positivt tiltak for lokalsamfunnet. Ingen støtte direkte til butikkdrift. Tilskot som etableringsstøtte/bedriftsutvikling.

KS-068/09 VEDTAK :

1. Kvingo Nærkjøp AS får eit tilskot på kr.40.000,- frå kraftfondet til etableringsstøtte/bedriftsutvikling.
2. Frist for å nytte tilskotet er 17.09.2011
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker

Finansiering

Bruk av kraftfondet, (balansekonto 2.5700.001 i kommunerekneskapen)

Heimel

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

Det skjedde i Kommunestyret den 17.09.2009:

Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	16.06.2009	Kariann Ekren	Søknad im tilskot frå kraftfondet til bedriftsutvikling Kvingo Nærkjøp AS
2	U	19.08.2009	Kariann Ekren	Søknad im tilskot frå kraftfondet til bedriftsutvikling Kvingo Nærkjøp AS

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Det vert søkt om 350.000 i tilskot gjennom kraftfondet, alternativt 200.000 i tilskot og 150.000 i lån.

FAKTA**Søknad om lån/ tilskot frå kraftfondet**

Namn: Kvingo Nærkjøp as

Adresse: 5918 Masfjordnes

Kontaktperson: Kariann Ekren

Telefon: 56 36 71 25

Bransje: Daglegvare

Etableringsår: 2009

Antall tilsette: 1-2

Føretaksnummer, eventuelt personnummer: 993 608 777

Kort beskriving av verksemda: Daglegvarebutikk, og møteplass i bygda.

Søknadsbeløp: Det vert søkt om tilskot kr. 350 000,-

Eigartilhøve/ leiding: Aksjeselskap. Aksjekapital på kr. 100 000,-. Største aksjonær: Kvingo Næringsbygg

Leinga i verksemda: Styreleiar Øyvind Ekren 52 år og dagleg leiar Kariann Ekren 23 år, nett utdanna førskulelærar.

Søknadsprosjekt:

Investeringa/ prosjektet totale kostnad kr. 550 000. Investering i utstyr til daglegvarebutikken.

Finansieringsplan:

Kredittinstitusjon	Beløp
Sparebanken Vest	kr. 500 000
Kraftfondet	kr. 350 000
Eigenkapital, kontantinnskot	kr. 100 000
Total sum finansiering	kr. 950 000

Vedlegg til søknad om lån/ tilskot

Vi vil med dette søkje om lån og tilskot frå kraftfondet til Kvingo Nærkjøp as.

Vi stiftet selskapet Kvingo Nærkjøp as i januar 2009. Kvingo Nærkjøp as har alle aksjane. Øyvind Ekren er styreleiar og Kariann Ekren er dagleg leiar.

Vi har innreia delar av gamle Kvinge Tre sine lokal til daglegvarebutikk. Vi har fått ein lys og trivleg butikk i nærmiljøet med moderne innreing og flott vareutval. Butikken ligg godt til i forhold til trafikken som køyrer forbi på Rv 570.

I mange år har det vore daglegvarebutikk på Kvingo, faktisk både på Sør- og Nord-Kvingo. Den siste som dreiv før oss var Olga Andås, som hadde butikk på kaien på Sør-Kvingo. Dette var ein gamal butikk der vi måtte handle over disk. Olga la ned butikken den dagen vi opna.

Det er Kariann Ekren (23), som er dagleg leiar for butikken. I vekedagane er det arbeidsplass for 1 person, men i helgene vil det forhåpentlegvis vera behov for 2 personar.

Vi har fått mange positive tilbakemeldingar på at vi har fått ein så flott butikk i nærmiljøet. Faktisk er det og høyrd at nokon vurderer å flytte inn her no som vi har fått ein så fin butikk. I denne tida der Masfjorden slit med fråflytting, håper vi at ein Nærbutikk på Kvingo kan bidra til at ungdom kan flytte heim igjen.

Butikken er medlem i Norgesgruppen og sel varer under kjedenamnet Nærbutikken Kvingo. Vi er komen med i "Merkur". Dette er 6 samlingar for småbutikker på vestlandet der vi møtes og får kursing i diverse innan drift av små daglegvarebutikker. Vi har allereie vore på 2 samlingar, 1 på Osterøy og 1 på Hellesøy.

Merkur arbeider for at vi skal få tipping i butikken frå hausten 2009. Det vil vera eit stort pluss for butikken vår. Vi arbeider og med moglegheiter for bensin og diesel, men det blir nok litt på sikt.

Vi har prøvd å få tilskot frå Innovasjon Noreg, men der var det ingenting å henta til daglegvarebutikk, sjølv om dette er i distriktet og ein ungdom får seg arbeid.

Vi har fått lån frå Sparebanken vest på kr. 500.000,-.

Investeringsbudsjettet som ligg vedlagt viser investeringar på kr. 550.000,- i tillegg kjem eit varelager på ca. 400.000,-.

Investering for ny butikk Kvingo Nærkjøp as

Melkerom og fryserom	25 000
Frysedisk	5 000
Motor til kjø/ frys	70 000
Påleggsdisk	10 000
Frukt/ grønt disk	35 000
Hylleinnreiing	105 000
Installasjon kjø/frys	50 000
Kassedisk	29 000
Gitter framfor vindauget	15 000
Innvendig vegg	5 000
Pantemaskin	55 000
Alarm	9 500
Bakeoff maskin	10 000
Elektrisk opplegg	81 000
Bord og stoler	4 500
Div. utstyr	30 000
Reklame skilt	11 000
Sum butikk	550 000

Det meste av arbeidet er gjort med eigeninnsats av Øyvind Ekren, noko som gjer at kostnadane er minimale.

Vi legg med budsjett for 2009 og to år framover. I budsjettet har vi rekna med ei omsetning på kr. 3.500.000,-. Dette meiner vi er eit nøkternt budsjett. Vi opna butikken 30.4. Omsetninga i mai var på kr. 378.483,-. Dersom vi klarar den omsetninga kvar månad får vi ei årleg omsetning på 4.500.000,-.

Budsjett	2009 (8mnd)	2010	2011
Netto omsetning daglegvarer	2 333 333	3 500 000	3 500 000
Varekostnad (77%)	1 796 666	2 800 000	2 800 000
Bruttoforteneste (23%)	536 667	700 000	700 000
Til dekning av kostnader	536 667	700 000	700 000
Personalkostnader (10% av	233 333	350 000	350 000

omsetn.)			
Husleige	40 000	84 000	84 000
Straum	32 000	50 000	50 000
Telefon	8 000	15 000	15 000
Kjedeavgift (1% av omsetn.)	23 333	35 000	35 000
Rekneskapshonorar	20 000	20 000	25 000
Revisorhonorar	8 000	8 000	8 000
Forsikring	3 000	3 000	3 000
Vedl.hold maskiner/ utstyr	5 000	5 000	10 000
Avskrivningar	73 000	95 400	76 300
Diverse kostnader	10 000	5 000	5 000
Renter	27 000	30 000	30 000
Sum kostnader	482 667	700 400	691 300
Resultat	54 000	-400	8700

I søknaden til kraftfondet har vi søkt om eit tilskot på kr. 350.000,-. Dette er gjort på bakgrunn av § 5 i vedtekta til kraftfondet der det står følgjande:

”Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte.”

Her er det snakk om både nyetablering, ungdom og kvinne. Dersom det ikkje er mogleg å få dette ynskjer vi differanse utbetalt som lån. Til slutt vil vi berre seie at vi håpar på ein positiv tilbakemelding frå kraftfondet.

Søklar kom i vinter med 2 søknader til kraftfondet, butikk og Kvingo næringsbygg. Søknaden kring næringsbygg vart handsama i april '09 – medan butikksøknaden vert handsama no. Utfallet av saka kring næringsbygget vart (søkt om 200.000 i lån og 100.000 i tilskot);

KS-030/09 VEDTAK (16.APRIL '09):

1. Kvingo næringsbygg as får tildelt eit lån på kr. 200.000,- gjennom kraftfondet
2. Lånet skal sikrast med pant i eigedom
3. Frist for å nytte lånet er 16.04.2011.
4. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

VURDERING

Søklar trekkjer fram § 5 i vedtektene for kraftfondet i samband med søknaden, og grunngjeving for sum tilskot. ”I søknaden til kraftfondet har vi søkt om eit tilskot på kr. 350.000,-. Dette er gjort på bakgrunn av § 5 i vedtekta til kraftfondet der det står følgjande: ”Ved bedriftsutvikling kan det gjevast inntil 75% finansiering til prosjekt som har særleg verknad for ungdom og kvinner, og ved nyetablering kan det gjevast inntil 75% støtte.” Her er det snakk om både nyetablering, ungdom og kvinne”. Viser i denne samanheng til § 2 i retningslinene, vedkommande beløpsgrenser.

Beløpsgrenser for støtte gjennom kraftfondet:

- * Bedriftsutvikling kr. 40.000,-
- * Investeringar kr. 200.000,-

Under handsaming i april, for søknaden til Kvingo næringsbygg tilrådde ein den gong lån til selskapet i tråd med søknaden, og at tilskotsdelen skulle vurdert under 1.ordinære tildeling av stønadsmidlar frå kraftfondet i 2009 – slik at dette vert og teke omsyn til ved denne saka.

Summen av søknader frå Kvingo næringsbygg og Kvingo nærkjøp samla lån & tilskot utgjer 650.000,- av ei samla løyving i 2009 kraftfondsbudsjettet til frie fondsmidlar til fordeling nærings tiltak på 600.000,-.

Tiltaket og søknaden er i samsvar med det overordna målet med å bruka kraftfondet til å bidra til sikring og vidareutvikle eksisterande verksemdar, fremja etablering av nye verksemdar og å sikra og auka busetnaden i kommunen. Tiltaket inneber at det vert vidareført butikk på Kvingo. Det vert såleis oppretthalde 3 butikkar på sørsida, og eit tilskot på 350.000,- som det er søkt om ville vere direkte konkurransevidane. Tilskot med 350.000 vil uansett ikkje vere aktuelt ut i frå beløpsgrensene i vedtektene til kraftfondet.

Generelt sett ber søknader i samband med 1.tildeling 2009 preg av lite utvikling, men meir overtaking/kjøp av tidlegare drift og verksemd, og slik sett lite nyutvikling og bedriftsutvikling. Ramma for frie midlar til næringsføremål er halvert i forhold til ramma til disposisjon samanlikna med 2008 og nivå dei seinare år (dvs. frå 1,2 mill.kr. til 600.000,-). Dette inneber at ein må sette strengare krav til kva prosjekt ein gjev støtte til. Dei seinare år har dei fleste søknader fått innvilga støtte. Denne praksis må endrast og prosjekt som gjev utvikling prioriterast.

Vurderingane i denne saka er vanskeleg, og spesielt ut i frå søknadssum og kva som har vore vanleg praksis og nivå på tilskot gjennom kraftfondet. Normalt sett (ut i frå saker siste åra) ville ein ha tenkt på støtte med inntil kr. 40.000,- i forhold til etablering av ny verksemd/bedriftsutvikling, og med vekt på kvinnearbeidsplassar. Direkte investeringsstøtte til butikk, vil opne for ei rekkje søknader frå dei som driv butikk. Elles vil støtte til ein butikk, og ikkje til andre vere direkte konkurransevidane. Tiltaket Kvingo nærbutikk er vidareføring av tilbod som har vore tidlegare, men i nye og oppdaterte lokale. Det viktigaste er at den nye butikken legg opp til prisar og inntening som ein kan leve av. For lokalbutikken vil det vere viktig å snu handletraumen ut av kommunen, og behalde mest mogleg lokalt.

Ut i frå halvering av midlar til næringsføremål og at ein har brukt 1/3 av 2009 løyvinga til Kvingo næringsbygg tidlegare i år, og kor ein står att med 400.000 til nye prosjekt i 2009. Har ein vurdert det slik at prosjekt som bør få støtte må ha ei fornying og utvikling som grunnlag, og at dette tiltaket vert vurdert til å vere ei vidareføring av tidlegare tilbod, og ein endar opp med å ikkje tilrå at det vert gitt støtte til omsøkte prosjekt frå kraftfondet.

KONKLUSJON

Kvingo nærkjøp as får ikkje tilskot gjennom kraftfondet.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	17.09.2009	069/09	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-402, N-402.3	Arkivsaknr.: 07/169
-----------------------	---------------------

SAK 069/09 - PANDEMIPLAN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vedlagt pandemiplan vert vedteke slik den ligg føre.

Finansiering

Heimel

KS-069/09 VEDTAK:

Vedlagt pandemiplan vert vedteken slik den ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 17.09.2009:

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	08.02.2007	Fylkesmannen i Hordaland	Smittevernberedskapen i kommunane - kor tilgjengeleg er smittevernansvarleg lege
2	I	25.02.2008	Helsetilsynet i Hordaland	Kartlegging av tilgjenge til smittevernansvarleg lege i kommunane
3	I	09.03.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Kartlegging av smittevernet i helsetenesta
4	I	15.05.2009	Folkehelseinstituttet	Plan for massevaksinasjon mot pandemisk influensa i kommunar
5	I	22.05.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Rettleiing om kommunen sitt samla ansvar og oppgåver ved ein pandemi
6	I	22.05.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Rettleiing om kommunen sitt samla ansvar og oppgåver ved ein pandemi
7	U	11.06.2009	Rådmann, Avdelingsleiarar	Sikring av drift/beredskap ved stort arbeidsfråver
10	I	10.08.2009	Kunnskapsdepartementet	Informasjon om pandemiberedskap i barnehagane
11	I	17.08.2009	Folkehelseinstituttet	Vedr distribusjon av pandemisk influensavaksine til alle landets kommuner
12	I	31.08.2009	Helsedirektoratet	Situasjonsrapport nr 30 frå Helsedirektoratet

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Spørsmål om beredskap i høve til pandemi har i fleire rundar vore tema i helsetenesta og kommunane. Fyrste planrunde var i samband med fugleinfluensa og no i 2009 og 2010 i samband med svineinfluensa.

Kommunen skal sikre planmessige og koordinerte tenester som tek høgde for eit stort antal smitta og sjuke samstundes. Desse skal gjevast behandling og tryggleik for at dei vert ivaretatt.

HØYRING

UTTALE

FAKTA

Pandemiplan er ein ”temaplan” i høve smittevernplanen. Smittevernplan gjev overordna informasjon og tiltak medan pandemiplanen er spesifikk og meir konkret. Pandemiplanen er både ein plan for å koordinere tenestene internt, og eit dokument som gjev informasjon og derved tryggleik til befolkninga. Kommunen og helsetenestene viser at vi har planlagt for alle mulige scenarier av omfang av utbrot.

Sentrale fagmynde utarbeider scenarier som er ”i verste fall” framskrivingar og vi ser at omfanget er noko redusert den seinare tid. Vi har alle lite erfaring frå pandemiar frå nyare tid og mykje av planleggjinga vil vere spørsmål om beredskap og å heile tida sikre at vi har reserver. Reserver i personell og kompetanse, i utstyr, i tid og areal.

VURDERING

KONKLUSJON

Vedlagt pandemiplan vert vedteke slik den ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	17.09.2009	070/09	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 09/631
--------------	---------------------

SAK 070/09 - 2.TERTIALRAPPORT 2009, REKNESKAPSOVERSYN FOR PERIODEN 1.1.-31.8.09

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. 2.tertialrapport 2009 vert teken til vitring.
2. Utleigebygg Sandnes og Hosteland, sum overføring frå drift til investering med bakgrunn i mva.komp., vert endra til overføring frå drift med bakgrunn i meirinntekter finanspostar og mindre rentekostnad i 2009. Unytta sum i 2009 rekneskapen, skal avsettast til fond, og brukast til finansiering i 2010.
3. Det vert gjort ei avsetjing til fond i 2009 rekneskapen med bakgrunn i meirinntekter, med 3 mill.kr. til bruk i 2010 budsjettet som kompensasjon på reduserte kraftinntekter – konsesjonskraft

Finansiering

Budsjettendringane har finansiering

Heimel

Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

KS-070/09 VEDTAK:

1. 2.tertialrapport 2009 vert teken til vitring.

Finansiering

Budsjettendringane har finansiering

Heimel

Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

Det skjedde i Kommunestyret den 17.09.2009:

Kari Skår Sørheim, KrF, hadde permisjon frå møtet i denne saka.

Rådmann Lovisa Midtbø orienterte. Grunnen til at saka vart delt ut i møtet, er at ein ikkje hadde rekneskapstala klare pr 31.08.09 ved utsending av sakspapira.

Sidan kommunestyret ikkje har hatt høve til å setja seg inn i rapporten før møtet, kan saka realitetsbehandlast i neste møte.

Ordførar gjorde framlegg om at ein røysta over pkt 1 i framlegget og tek saka opp til endeleg handsaming i neste møte.

Røysting:**2. tertialrapport 2009 vart samrøystes teken til vitring.****SAKSTILFANG:**

Rekneskapen pr. 31.08.2009 – ajourført pr. den 11. september 09
Rapportering frå driftseiningane

SAKSVEDLEGG:

2.tertialrapport 2009 – eige hefte

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN**

Målet med tertialrapporten er å gje ein statusrapport for den økonomiske stoda, vesentlege utviklingstrekk og synleggjere eventuelle endra tilhøve i forholdet til budsjettet for 2009, for å kunne gjere/føreta nødvendige tilpassingar av drifts- og investeringstiltaka.

HØYRING

E-post av 7.september til driftseiningane og budsjettansvarlege, minner om rapportering pr. 31.8. jf. Økonomireglementet. Rekneskapstala pr. 31.august 2009 er ajourført og ferdigstilt pr. 4. september. Det hastar med rapporteringa (spesielt denne gongen), då sak om 2.tertial skal opp i formannskapet 8. september 09 som orienteringssak og som ordinær sak i Kommunestyret den 17. september 09.

Utdrag frå økonomireglementet følgjer her;

PERIODISK RAPPORTERING

Etablert praksis over mange år i Masfjorden har vore at kommunestyret handsamar følgjande rekneskapsrapportar:

1. tertialrapport for perioden 1.1. – 30.04
2. tertialrapport for perioden 1.1. – 30.8
3. Årsrekneskapan skal handsamast innan 1. juli.

8.2.1 Innhaldet i rapporten til rådmannen

Tertialrapportane til rådmannen skal ha følgjande obligatoriske innhald:

1. Taldel
2. Kommenterar/vurderingar
3. Evt. tiltak for å rette opp budsjettbalansen
4. Konklusjon/årsprognose

1. Taldel

Frå driftsrekneskapan (drifts- og finansieringspostar) skal følgjande rapporterast:

Ansvarsområde	Akkumulert hittil i år			2009		
	Budsjett	Drift	Reelt avvik	Årsbudsjett	Prognose	Avvik
Sandnes barnehage 20102 Lokaler Sandnes barnehage 22102	-	-	-	-	-	-
Resultat/netto forbruk	-	-	-	-	-	-

Tabellen viser 3 avvik:

- ◆ Rapportavvik, dvs. dei avvik rekneskapsrapportane frå økonomisystemet viser
- ◆ Reelt avvik, dvs. avvik etter korrigeringar for feil periodisering og manglande posteringar
- ◆ Prognose for året, dvs. samla reelt avvik for budsjettåret

2. Kommenterar/vurderingar

Driftseiningane må kommentera/vurdera:

- ◆ Reelle avvik
- ◆ Evt. differanse mellom rapportavvik og reelle avvik
- ◆ Prognose for årsavvik

Kommentarane skal vere korte og bør seie noko om kor sikre eller usikre vurderingane er.

3. Tiltak

Dersom det reelle avviket er stort, må ein gjera greie for tiltak dei vil setje i verk på kort og lengre sikt for å få budsjettet i balanse.

4. Konklusjon/årsprognose

Det må her gjerast greie for korleis etaten reknar med at den vil kome ut i høve til gjeldande økonomiske ramme.

UTTALE

Den løpande rapporteringa frå driftseiningane går bra, spesielt i periodar kor rådmann skal vidare rapportere (tertialrapportar), og tilnærma alle har rapportert med svært kort varsel i samband med 2.tertialrapporten for 2009. Tilbakemeldingane frå driftseiningane vert teke med i vurderingsdelen og tekstdelen til driftsrekneskapen i sjølve 2.tertialrapporten.

FAKTA

Jf. rapporten/saksvedlegg.

Spesielle forhold investeringsrekneskapen;

- udekka IKT breiband
- avvik omsorgsbustadar Hosteland
- avvik/mva.komp utleigebustadar Hosteland og Sandnes
- avdrag formidlingslån skal førast i investeringsrekneskapen, er bokført i drift pr. 2.tertial
- budsjettkopling overføring frå drift må vere lik sum overført frå drift i investeringsbudsjettet
- tiltak Kommunale vegar vert i stor grad utført i september, og difor lite bokført pr. 31.8.09.
- udekka IKT breiband

Siste delutbygging breiband vart gjennomført i fjor, med medfinansiering med HØYKOM midlar og midlar Hordaland fylkeskommune, samla eksterne tilskot med inntil 480.000,-, og kor vi hittil har fått ut 428.000 – restsum skuldast at ei faktura mangla ved innrapportering og purring kom først i sommar (opphavleg forfall 24.9.08). Korrigert sluttrekneskap er sendt til Hordaland fylkeskommune og HØYKOM, og ein legg til grunn at resttilskot vert utbetalt og at sum udekka vert eliminert.

- avvik omsorgsbustadar Hosteland
jf. side 4 i 2.tertialrapport – avvik med kr. 170.000,-

- avvik/mva.komp utleigebustadar Hosteland og Sandnes
jf. side 4 i 2.tertialrapport – avvik med kr. 260.000,- for Hosteland og 1,5 mill.kr. Sandnes.

Bilagskontroll 1. halvår

Vi har gjennomført bilagskontroll for 1. halvår på stikkprøvebasis. Nedanfor vil vi kommentere nokre moment som krev avklaring.

På teneste 26506-utleigebygg Hosteland, er det i 2009 ført tilsaman kr 950 534 med mva kompensasjon (kode 83). Lov om mva kompensasjon § 4 seier at bygg for sal eller utleige ikkje gir rett til mva kompensasjon med unnatak av omsorgsbustader. Vi ber om å få tilbakemelding på om bokført mva kompensasjon skal tilbakeførast på teneste 26506.

Vi har budsjettet med mva.komp. for utleigebygga, noko vi ikkje er berettiga. Dette må vi rette opp, for utleigebygg Hosteland legg vi til grunn 40% mva.komp, og for Sandnes 0 i mva.komp. og føreslår difor ei budsjettendring på dette området.

- avdrag formidlingslån skal førast i investeringsrekneskapen, er bokført i drift pr. 2.tertial – vert retta opp i rekneskapsavslutninga

- budsjettkopling overføring frå drift må vere lik sum overført frå drift i investeringsbudsjettet
09700 i investering utgjer: 6.209.000
15700 i drift utgjer: 4.709.000 og
skuldast finansieringa av utleigebygg Sandnes, og vert justert under føresetnad at pkt. 2 i framlegg til vedtak vert vedteke.
- tiltak Kommunale vegar vert i stor grad utført i september, og difor lite bokført pr. 31.8.09. – planar framover er;
Utført aktivitet for 2009:
Hosteland - veg 6 250 000
Planlagd aktivitet for 2009:
Asfaltering, Areklettvegen 750 000
Asfaltering, veg til adm. Fløy Nordbygda skule 150 000
Fartsdumper i Skjelsundet (70 000) 30 000
Grøftrensk, komm. Vegar 50 000
Grusing, komm. Vegar 100 000
I tillegg kjem:
Areklett parkering, parkering 50 000
Matresberget 100 000
Kvingedal 100 000
Arbeid forsert i 2010: (tiltaksplan regjeringa):
Asfalt, Matre 50 000
Asfalt, Solheimslia 150 000
Asfalt, Kalhovda 100 000
Asfalt, Indre Hope 80 000
Asfalt, Stokkevik feltet 60 000
Asfalt, Sandnes skule 70 000

Samla kostnad for utført og bestilt aktivitet i 2009: 2 090 000

Pensjonskostnader (KLP – 2009 satsar);

Premie- og tilskotssatsar i prosent av pensjonsgrunnlaget	Fellesordninga	Sjukepleiarordning	Folkevalde
	2009	2009	2009
Årleg forsikringspremie	7,59 %	8,89 %	22,64 %
Termin tillegg	0,15 %	0,18 %	0,44 %
Administrasjonstillegg: - Forsikringsrelatert	0,33 %	0,33 %	0,33 %
Administrasjonstillegg:- Finansrelatert	0,12 %	0,12 %	0,12 %
Administrasjonsreservepremie	0,25 %	0,26 %	0,68 %
Sum premie	8,44 %	9,78 %	24,21 %
Bruttogaranti	0,75 %	0,75 %	0,60 %
Tidligpensjon (85-årsregel og AFP 65-66)	0,80 %	0,65 %	0,00 %
Afp 62-64 (100% utjevning)	1,05 %	0,20 %	0,00 %
Ventepengar	0,00 %	0,00 %	2,00 %
Reguleringspremie	3,80 %	7,20 %	3,70 %
SUM	14,84 %	18,58 %	30,51 %
Trekk arbeidstakar	2,00 %	2,00 %	2,00 %
Netto arbeidsgjevar	12,84 %	16,58 %	28,51 %

Vi har budsjettert med netto 13% i pensjon, og samla sett kjem vi såleis bra ut – men pleie kjem ut med høgare pensjonskostnad enn budsjettert.

VURDERING

Jf. rapporten/saksvedlegg.

- avvik/mva.komp utleigebustadar Hosteland og Sandnes

jf. side 4 i 2.tertialrapport – avvik med kr. 260.000,- for Hosteland og 1,5 mill.kr. Sandnes. Tiltrår at ein gjer om på budsjettvedtak frå overføring frå drift til investering med bakgrunn i mva.komp., til overføring frå drift med bakgrunn i meirinntekter finanspostar og mindre rentekostnad. I og med at store deler av kostnadene med utleigebygg Sandnes kjem i 2010 rekneskapen, skal unytta sum frå 2009 avsettast til fond, og brukast i finansiering i 2010.

Driftsrekneskapen pr. 31.8/2.tertial viser eit til dels svært bra resultat og forholda ligg godt til rette til eit overskot i 2009. Det er i løpet av sommaren laga til ein budsjettkladd for 2010 budsjettet, basert på rammesaka. Budsjettkladden manglar om lag 200.000 på å vere i balanse. Situasjonen etter at vi laga til rammesaka er prega av ei fall i kraftprisen, som spesielt vil få konsekvensar for konsesjonskrafta i 2010. Sal av konsesjonskrafta vil med dagens kraftpris gje ei inntekt på 5-6 mill.kr. og dermed 3-4 mill.kr. mindre enn rammesaka la opp til. Tiltrår difor at vi legg opp til ei avsetjing i 2009 rekneskapen til fond, som ein nyttar i 2010 budsjettet som kompensasjon for redusert konsesjonskraftinntekt. Avsetjinga vert finansiert med meirinntekter i 2009 rekneskapen → pkt. 3 i framlegg til vedtak.

KONKLUSJON

Ein tilrår at 2.tertialrapport vert teken til orientering.

Spesielle forhold investeringsrekneskapen;

- udekka IKT breiband
- avvik omsorgsbustadar Hosteland
- avvik/mva.komp utleigebustadar Hosteland og Sandnes
- avdrag formidlingslån skal førast i investeringsrekneskapen, er bokført i drift pr. 2.tertial
- budsjettkopling overføring frå drift må vere lik sum overført frå drift i investeringsbudsjettet

Spesielle forhold driftsrekneskapen;

- reguleringspremie pensjon kjem i oktober – aukar pensjonskostnaden vesentleg (utgjer 3,8% for fellesordninga i KLP, 3,7% folkevalde (ordførar) og 7,2% sjukepleiar av pensjonsgrunnlaget). Dvs. høvesvis større belastning pleie enn dei andre rammeområda. Skule vert i liten grad påverka av reguleringspremien.
- Nokre sentrale inntektspostar litt høge pr. 2.tertial (som vanleg)
- Meirinntekter på ein del områder og status drift pr. 2.tertial, tilseier at ein kan finansiera endring for utleigebygg Sandnes og Hosteland (investeringsprosjekt) og avsetjing for å dekke fall i kraftprisen og forventa inntekt konsesjonskraft i 2010 med 3 mill.kr. – samla 4.760.000,- gjennom driftsrekneskapen 2009.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	17.09.2009		Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-105.1	Arkivsaknr.: 09/430
----------------	---------------------

SAK 071/09 - SØKNAD OM TILSKOT I KRAFTFONDET - FREDSOM CAFE & PUB - OMGJERING AV VEDTAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vart fremma i kommunestyremøte den 17.09.09

KS-071/09 VEDTAK I KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret viser til sak 007/09 i Kraftfondsstyret den 08.09.09 og omgjer dette vedtaket.

Nytt vedtak:

1. Fredsom Cafe & Pub AS får eit tilskot på kr. 40.000,- frå kraftfondet til omsøkte prosjekt/tiltak.
2. Frist for å nytte tilskotet er 17.09.2011.
3. Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.

Finansiering

Bruk av kraftfondet, (balansekonto 2.5700.001 i kommunerekneskapen)

Heimel

Vedtektene og retningslinene for kraftfondet

Det skjedde i Kommunestyret den 17.09.2009:

Kari Skår Sørheim, KrF, hadde permisjon frå møtet.

Ein syner til handsaming av sak 65/09 der det vart gjort vedtak om å tilføra denne saka til saklista etter framlegg frå Kjell Løvik:

Kommunestyret viser til sak 007/09 i Kraftfondsstyret den 08.09.09 og omgjer vedtaket som vart gjort der.

Nytt vedtak:

1. *Fredsom Cafe & Pub AS får eit tilskot på kr. 40.000,- frå kraftfondet til omsøkte prosjekt/tiltak.*
2. *Frist for å nytte tilskotet er 17.09.2011.*
3. *Vedtaket kan etter forvaltningslova § 28 påklagast. Klagefrist er 3 veker.*

Røysting:

Framlegg til nytt vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	15.06.2009	Fredsom Cafe & Pub v/Svein Fredheim	Søknad om tilskot i kraftfondet til Fredsom Cafe & Pub til bygningsmessige investeringar
2	U	19.08.2009	Fredsom Cafe & Pub v/Svein Fredheim	Søknad om tilskot i kraftfondet til Fredsom Cafe & Pub til bygningsmessige investeringar

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 17.09.2009 vert vitna:

Håkon Matre
Ordførar

Magnhild Rørtveit
Kommunestyremedlem
(vara)

Lars Solheim
Kommunestyremedlem